



Årsrapport 2025

Glen Arvid Valstad – Avdelingsleiar KAV

Innhald

1	Innleiing	2
1.1	Tilsette	2
1.2	Lokal forskrift	3
1.3	Helse, miljø og sikkerheit	3
1.4	Kompetanseutvikling	4
1.5	Fokusområde	4
2	Program/digitale verktøy	5
2.1	Komtek	5
2.2	Kommunekart Proff	5
2.3	Elements	6
3	Tilstand på avløpsanlegg	6
4	Målsetting.....	7
4.1	Måla for 2025.....	7
4.2	Måla for 2026.....	8
5	Slamtømming	8
6	Tilsyn og søknadsbehandling.....	8
6.1	Søknadsbehandling	9
7	Tilsyn og kartlegging	10
7.1	Tilsyn med spreidd avløp	10
7.2	Bakgrunn for tilsyn og kartlegging	10
8	Budsjett og rekneskap	11
8.1	Gebysatsar	11
8.2	Budsjett og rekneskap 2025.....	12
8.3	Budsjett 2026.....	13
8.4	Fondsoversikt.....	14
8.4.1	Saksbehandling	14
8.4.2	Tilsyn	15
8.5	Interne kostnader	15
9	Informasjon	16
9.1	Varsel og rapportering	16
10	Sammendrag	17
11	Sluttkommentar	17



I vertskommuneavtala som regulerer samarbeidet pkt. 7 står det at vertskommuna avlegg årsrapport og rekneskap til deltakarkommunane. I årsrapporten gjer me greie for arbeidet til KAV i 2025, legg fram planar for 2026 og presenterer ei oversikt over budsjettresultatet for 2025.

1 Innleiing

Gjennom eit forprosjekt vart det vurdert moglegheita for samarbeid på tvers av kommunane for å oppfylle krava til sakshandsaming og tilsyn på spreidd avløp. Då forprosjektet var ferdig, vedtok fem kommunar – Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå og Ål – å gå saman om eit samarbeid. Ål kommune vart valt som vertskommune, og kontoret *Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning* (KAV) vart etablert på Torpomoen, som hadde eigna lokale og ei sentral plassering i høve til arbeidet med opprydding i spreidd avløp.

I samsvar med vertskommuneavtala har kontoret følgjande hovudoppgåver:

1. Utgreiing, planlegging, kartlegging og tilsyn av spreidd avløp under 2000PE
2. Myndeutøving innanfor KAV sitt fagområde, forureiningslova samt plan- og bygningslova
3. Ansvar for ny kontrakt på slamabodet (oppstart 01.03.2023)
4. Revidering og utlysing av ny slamtømmekontrakt
5. Prosesshandlingar
6. Publikumskontakt
7. Arbeid som naturleg høyrer inn under avtala sitt verkeområde
8. Oppfølging av Vassdirektivet

Teknisk Leiarforum (TLF) har uttalerett i saker av særleg betydning for alle kommunane, mellom anna fastsetjing av budsjett. Kontorleiaren har møterett i TLF og rapporterer dit.

Avtala slår og fast at det skal vera ein kontaktperson frå kontoret til kvar av deltakarkommunane. Det er fastsett kven ved kontoret som har ansvar for den enskilde kommune, og denne informasjonen er vidareformidla til kommunane. Oversikta ligg og tilgjengeleg på KAV si heimeside: [KAV Hallingdal - Ål kommune](#). Kommunane. Det er fastsett kven ved kontoret som har ansvar for den enskilde kommunen, og denne informasjonen er vidareformidla til kommunane. Oversikta ligg

1.1 Tilsette

Me starta året med å lyse ut nye stillingar for å erstatte tilsett som slutta, samt styrke kontoret med ein ny stilling. Dette var eit tiltak for og gje dei tilsette ein meir overkomeleg arbeidsmengde. Det har tidvis vore utfordrande å få enkelte stillingar fylte, noko som har ført til varierende framdrift i arbeidet med opprydding i spreidd avløp.

I mai kom to nye tilsette på plass.

- Knut Martin Karlsen – Tilsett som vassområdekoordinator 50% og 50 % Spreidd avløp - Nesbyen
- Trygve Jakobsen – 100 % Spreidd avløp med ansvar for oppfølging i Hemsedal og Ål

Dei kom raskt inn i arbeidet og har gjort ein stor innsats. Dette har gjort det mogleg å gjennomføre mange fysiske tilsyn gjennom sommaren.

I juni/juli slutta vassområdekoordinatoren, og me måtte finne ein erstattar for stillinga, denne stillinga hadde også 50% på spreidd avløp. I juli 2025 tok Knut Martin Karlsen over som konstituert vassområdekoordinator. Han var ein av dei som byrja i mai, noko som gjorde overgangen enklare. Samstundes ser me at kontoret tidvis kunne hatt behov for endå ein tilsett til tilsyn i sommarhalvåret. Me vil difor lyse ut stilling for sommarvikar dei kommande åra, som kan bidra både i tilsynsarbeid og med rapportskriving etter gjennomførte tilsyn. Me skal vurdere i løpet av 2026, om me klarer oss med den bemanninga me no har.

Ein av stillingane skal arbeide med opprydding i oljeutskiljarar (kapittel 15) og etablere ei god oversikt over alle anlegg i kommunane. Det er vidare eit mål å innføre tilsynsgebyr for desse anlegga. Dette arbeidet vil starte opp i 2026.

Stillingane ved kontoret fordeler seg slik pr. 01.01.2026:

50% leiar

380 % saksbehandlar/tilsyn spreidd avløp kap. 12 og 13

50% vassområdekoordinator.

1.2 Lokal forskrift

Dei lokale forskriftene som regulerer arbeidet til KAV – Hallingdal, er vedtekne i alle dei fem kommunane. Nedanfor ligg lenkje til forskrifta for Ål kommune, og tilsvarande forskrifter for dei andre kommunane finn ein om ein søker på Lovdata. Me har som mål å revidere tømmeforskrifta innan neste utlysing for slamtømming, men dette er ikkje prioritert dei kommande åra.

[Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg, Ål kommune, Buskerud](#)

[Forskrift om tømming av avløpsanlegg inkludert tette tankar og bestemmingar om betaling av gebyr, Ål kommune, Buskerud](#)

1.3 Helse, miljø og sikkerheit

Då avdelinga har vore i grensa for om ein har krav om verneombod har ikkje me hatt dette på plass til ein kvar tid. I 2025 sa Solveig Marie ja til denne rolla. Me fekk gjennomført vernerunde, medarbeidersamtale å dei øvrige oppgåvene knytt til årshjulet for HMS. Trygve Jakobsen tok over denne oppgåva då Solveig Marie sa opp sin stilling.

Me har før tilsynssesongen gjennomgang av HMS handboka for tilsyn i felt. Dette skal me ha meir fokus på i tida framover. Når det gjelder tilsyn så fekk me i 2025 gjennomført ei stor mengd tilsyn, og me hadde inga negative hendingar knytt til HMS i felt.

For dei store reinseanlegga skal det alltid vera to som reiser ut, dette kan unntaksvis skje på eige initiativ dersom anleggseigar er på plassen ved oppmøte. Nokon av anlegga har store tankar og prosessar som kan vera forbunden ein risiko ved. Ved og vera to ved slike anlegg blir HMS ivareteken på ein god måte.

Dei mindre anlegga er det ønskeleg vera to ute på tilsyn, men det er ikkje eit absolutt krav om at ein må vera to. Det er ofte mindre tankar å det er liten risiko for alvorlege hendingar knytt til tilsyn med slike anlegg.

Sjukefråværet kan fort sjå mykje ut når ein er ein liten avdeling. Me hadde lite korttidsfråvær i 2025, men hadde ein 100% sjukemelding (50% vassområde og 50% tilsyn spreidd avløp) som gjekk frå juni tilmed desember. Dette førar til at prosenten vert høg for ein liten avdelinga.



1.4 Kompetanseutvikling

KAV har som mål å ha eit robust fagmiljø. Me ønskjer eit fagmiljø som gjer det interessant å jobbe med dei oppgåvene me har. Det er avgrensa kursmogelegheiter innan spreidd avløp, så me prøver å få med oss det som er relevant og halde oss oppdaterte på nye føringar som kjem.

Kontoret deltek og på fleire arenaer der me held foredrag om arbeidet me gjennomfører. Fleire vurderer å opprette felleskontor i Noreg, men det er framleis få slike i dag. Me deler av vår kunnskap, noko som har ført til at fleire ønskjer å søkje seg hit når me lyser ut stillingar, nettopp for å bli del av eit fagmiljø.

Det er elles få arenaer for uformelle samarbeid-nettverksgrupper. Som nemnt før har no Norsk vann oppretta ein bra arena for spreidd avløp, NKF (norsk kommunalteknisk foreining) har også dette på gang. Fleire og fleire kommunar i Noreg begynnar opprydding i spreidd avløp. Det vil dermed vera viktig med samarbeid for gjennomføre dette på mest mogeleg lik måte.

KAV – Hallingdal har stor nytte av den faglege oppdateringa desse nettverksmøta gjev. Desse har erstatta fagdagen me tidlegare hadde som mål å gjennomføre. I tillegg skal me bli flinkare til å kalle inn til fellesmøte med Hol kommune for å styrkje samarbeidet om utfordringane me står ovanfor.

Me har eit fagleg sterkt miljø med ulik kompetanse. Dette nyttar også kommunane seg av når det gjeld ulike tema og problemstillingar som oppstår i dei ulike kommunane. Me prøver så langt det let seg gjera å vera ein ressurs for innbyggjarane samt dei kommunale avdelingane rundt om som har behov.

1.5 Fokusområde

Status for fokusområda ved årsskiftet

- Førebygge forureining, sikre eit godt vassmiljø og vedtekne miljømål – eit kontinuerleg arbeid.
- Utarbeide handlingsplan for alle kommunane. Som ein del av tilsynsplanen, som er politisk forankra, skal det utarbeidast ein handlingsplan for kva mål kvar enkelt kommune har i 2026. Me vil ta omsyn til storleiken på tilsynsfondet i kvar kommune.
- Oppdatering av Komtek-databasane er eit kontinuerleg arbeid. Her kan ein setje av ledig tid til å oppdatere avløpsanlegg. Jo betre databasen er, jo enklare blir det å utforme til dømes ei ny behovsskildding for slamtømming, samt få oversikt over kvar ein må prioritere opprydding i spreidd avløp.
- Sikre eit robust fagmiljø. Me deltek på relevante arenaer, men innanfor dei budsjetttrammene me har sett. Norsk Vann sine nettverksgrupper blir gjennomførte ein gong i månaden. Dei som har tid, deltek frå kontoret. Dette blir gjennomført digitalt og inneber ingen kostnad. Kurs innan relevante tema blir prioritert for nyttilsette.
- Sakshandsamingsrutinar og malar blir kontinuerleg oppdaterte ved behov. Det skjer mykje innan fagområdet, særleg med revidering av EU-direktivet.
- Sjekklistar for tilsyn og malar for rapportering er på plass, men blir stadig vidareutvikla.
- Oppfølging av kontrakt med slamtømmefirma: Dette går stadig betre, men det har vore mykje nytt å setje seg inn i. Som bindeledd mellom kommunen og renovatøren kjem ein ofte i situasjonar der ein må ta omsyn til begge partane sine behov.

2 Program/digitale verktøy

Program / digitale verktøy inneheld ei kort innføring i dei programma me jobbar mest i, og korleis me synast arbeidet med desse fungera.

2.1 Komtek

Me jobbar kontinuerleg med å oppdatere data i anleggs-basen vår. Det har vore lite informasjon om avløpsanlegga som er etablerte i Hallingdal. Tidlegare har, som nemnt, fysiske tilsyn og dokumenttilsyn vore dei viktigaste bidraga til oppdatering av systemet. Me får stadig betre oversikt over anleggsinformasjon. Dette gjer at me har eit mykje betre grunnlag når ein skal vurdere kva for område me skal gjennomføre tilsyn med kommande år.


Med den nye slamtømmeavtala der me fekk inn kravet om bilete før og etter tømning, har me fått eit solid grunnlag for å registrere kva type anlegg som ligg inne i systemet. Likevel gjev ikkje dette tilstrekkeleg informasjon om infiltrasjonsløyningar, fordelingskummar og pumpekummar. Difor er fysiske tilsyn av større område avgjerande for å få heilskapleg kunnskap om anlegga.

2.2 Kommunekart Proff

Me nyttar Kommunekart som kartgrunnlag og har fått lagt inn det kommunale avløpsnettet, eigedomsinformasjon, spreidd avløp og registrerte drikkevasskjelder (Granada). Dette gjer det lettare å navigere mellom kommunane.

I tillegg har me fått integrert alle avløpsanlegg som er registrerte i Komtek inn i Kommunekart Proff. Dette er eit svært nyttig verktøy for å få oversikt over spreidd avløp, då kartløyninga i Komtek har ein svært avgrensa skala som gjer det vanskeleg å sjå større område i samanheng.

Kommunekart Proff er eit verdifullt verktøy der me får god hjelp frå kartansvarlege i kommunane. Her ser me tydeleg korleis eit felles kontor på tvers av kommunane bidreg til betre kunnskap og fagleg utvikling. Me dreg og stor nytte av kartforvaltningskompetansen i Flå kommune.



Kommunekart proff, med avløpsanlegg. Eksempelbilde.

2.3 Elements

Elements er eit sak- og arkivsystem som er utvikla for å effektivisere saksbehandling og dokumenthandtering. Systemet gir ein enkel og trygg måte å organisere, lagre og finne fram til dokumenter og saksrelaterte opplysningar. Systemet fungera no veldig bra, og er enkelt nytte for gå igjennom eigne saker.

3 Tilstand på avløpsanlegg

Avløpsanlegga i Hallingdal har varierende tilstand. Det er over 6000 anlegg, og me reknar med at 30 % krev utskifting av heile anlegget, medan ytterlegare 30 % krev delvis utskifting. Me har som ambisjon at alle anlegg skal vera godkjende og i tråd med dagens forskrift innan 2027, og seinast innan 2033. Dette er eit mål som praktisk kan vera utfordrande å gjennomføre, men det er viktig å ha eit mål å jobbe mot. Målsetjinga er i tråd med føringane frå Miljødirektoratet og er eit av tiltaka for å nå miljømålet jf. vassforvaltningsplanen som er vedteken av Miljødirektoratet.

Avsnittet over står frå sist rapport, dette for synleggjera framdrift. Me har lenge meint at 2033 skulle vera eit tilnærma umogeleg mål å nå. Me ser med den framdrifta me har klart dei siste åra, at me er kommen lenger i arbeidet enn tenkt. Tal på eldre avløpsanlegg blir stadig færre og me har også jobba effektivt med tilkopling til kommunalt avløpsnett.

I 2024 blei byggebransjen hardt ramma av byggestopp grunna trongare økonomi og ein delvis metta marknad då mykje fritidsbustadar kom til sals. Dette har ført til ledig kapasitet blant utførande røyrleggar/graveentreprenørar som igjen har gjort at fleire har tatt på seg oppdrag med utskifting av spreidd avløp. Me hadde svært mange nye søknadar om rehabilitering av avløpsanlegg spesielt i Gol kommune.

Bruken av hytter har auka mykje dei siste åra, og fleire avløpsanlegg er underdimensjonerte. Dette kan også skape utfordringar for trygt drikkevatt, særleg i større hyttefelt. Auka bruk vil og føre til meir belastning på miljøet. Me har i ein del område jobba målretta mot opprydding i spreidd avløp, der etablering av felles avløpsanlegg har vore eit fokus punkt. Eit hytteområde i Lykkja er eit godt eksempel på at etablering av felles avløpsanlegg kan la seg gjennomføre, dersom ein har motiverte personar som går i gong med arbeidet.

Med bildedokumentasjon frå slamtømmar har me fått eit godt grunnlag for å vurdere tilstanden på anlegga. Det er variasjon frå kommune til kommune. Generelt kan me seie at tilstanden på anlegg til bustader er dårlegare enn me først hadde forutsett. Jobben med opprydding i desse anlegga er omfattande og vil gå over mange år.

4 Målsetting

Her er nokon av måla våre som var sett for 2025, samt status.

4.1 Måla for 2025

- **Områdekartlegging**

Me gjennomførte fleire områdekartleggingar og prioriterte ulike område i kommunane. Med unntak av Flå, var det større område som var målet. Torsbue, Myking og Helsingvatn er eksempel på område me kartla.

- Myking er me ferdig med kartlegging. Torsbue har me igjen litt, men vidareførar dette til 2025 me tek då også med oss Mykingstølen i Ål. Helsingvatn har me fortsatt fokus på då det er ein vassførekomst som er moderat. Men me har kartlagt det aller meste i dette området.

- **Førehandsvarsel og pålegg om utbetring, samt oppfølging av tidlegare pålegg**

Me sende ut mange pålegg i 2024 og 2025, hovudsakleg basert på bilete frå slamtømming. Me ser at det er mange anlegg som ikkje oppfyller dagens krav. Det er viktig å starte med dei mest openbart problema, som for eksempel avløpsanlegg med betongkummar utan botn, der forureina avløpsvatn raskt renn til grunnvatnet utan tilstrekkeleg reinsing. Dette arbeidet har vore svært effektivt dei siste åra, samt gjeve oss eit godt grunnlag for vidare arbeid. I nokon av kommunane vil me vera ferdig med dei eldste avløpsanlegga innan få år.

- **Tilkopling til kommunalt nett**

Me har hatt gjennomgang av alle anlegg som ligg tett på det kommunale nettet, og me har laga soner i Kommunekart som viser kva anlegg me skal vurdere å tilknytte. Kostnaden for tilknytning vil og ha betydning for avgjerda om anlegget kan koplast på.

- **Oppdatere heimesida.**

Kontinuerleg arbeid som blir gjennomført ved behov. Me kan på sikt bli flinkare til å få ut informasjon om arbeidet vårt til innbyggjarane. Det er ofte dei store, tunge sakene som kjem i media, medan det daglege arbeidet som innbyggjarane betalar for, ikkje blir like synleg.

- **Tilsyn med kap. 13 anlegg**

I 2024 varsla me om mogleg bruk av tvangsmulkt ved manglande prøvetaking, bakgrunn i at det var svært mange anlegg som ikkje dokumenterte korleis reinseanlegga fungerte. Jf. kap. 13 er det eit krav for kjemisk-biologiske reinseanlegg å levere minst 6 eller 12 prøvar, avhengig av storleik. Over tid har me prøvd dialog, men dette har ikkje fungert.

Med varselet om tvangsmulkt fekk me endeleg dokumentasjon på plass. Me får no eit betre grunnlag for å vurdere kvar det er mest behov for tilsyn og oppfølging.

Vidare vil revideringa av EU-direktivet føre til at me ikkje ønskjer å innføre store endringar for mange anlegg. Dokumentasjon av anlegg og reinsegrad vil vere hovudfokus framover. Varsel om tvangsmulkt var eit svært effektivt verkemiddel. Me fekk med dette inn mykje reinseresultat som viste utfordring ved mange avløpsanlegg.

Med bakgrunn i desse resultata blei tilsynsplanen for 2025 enklare å legge då me prioriterte dårlege avløpsanlegg. Me vil vidareføre praksisen med oppfylginga av kap. 13 avløpsanlegg inn i 2026. Arbeidet her er svært viktig å fungera også veldig bra.

4.2 Måla for 2026

Her kjem ein kort presentasjon av måla me har sett oss i 2026.

- Kap. 13, få inn prøveresultat frå alle avløpsanlegg. Samt følgje opp resultat frå 2025. Planlegge minst 25 tilsyn med store reinseanlegg.
- Kap. 12, ny tilsynsrunde med minireinseanlegg. Følgje opp bilder som kjem inn i kontekst.
- Lyse ut stilling/stillingar for sommarvikar – få dette på plass i god tid før sommarferien.
- Kartlegging og oppfølging av oljeutskiljarar
- Sikre at dei gode rutinane som er innarbeida for tilsyn og saksbehandling blir følgt.
- Få oversikt over dei ulike tettbebyggelsen som er i Hallingdal.

5 Slamtømming

Slamtømming i 2025 gjekk gjennomgåande svært bra. Mange av dei forholda som vart påpeika under avsluttande møte i 2024, og som igjen vart tekne opp på oppstartsmøte i 2025, er det no teke omsyn til. Også i 2025 vart desse punkta følgde opp på ein god måte.

Sjølv om 2025 samla sett var eit svært godt år for slamtømming, vart ikkje all tømming ferdigstilt innan fastsett tidsfrist. På bakgrunn av dette har me varsla Telemark Godslinjer, både skriftleg per e-post og munnleg, om at dersom tilsvarende situasjon oppstår i 2026, vil me måtte vurdere å ta i bruk dagbøter slik kontrakten opnar for.

Det var i 2025 ikkje behov for å gjennomføre avsluttande møte etter at sesongen var avslutta, då det ikkje var forhold kommunane trong å følgje opp. Ordninga fungerte gjennomgåande svært godt.

Mot slutten av året starta me også arbeidet med revidering av konkurransegrunnlaget for ny kontrakt. Gjeldande kontrakt har både tidsavgrensing og ei fastsett økonomisk ramme. Ettersom denne ramma snart er nådd, vil det vera nødvendig å gjennomføre ein ny konkurranse for å sikre at ny entreprenør er på plass frå 2027. Konkurransen er planlagt lyst ut tidleg i 2026.

Telemark Godslinjer har gjort ein god jobb, og me er svært nøgde med innsatsen dei har lagt ned så langt.

6 Tilsyn og søknadsbehandling

Her er tala frå søknader som vart handsama i 2025. I årsrapporten for 2023 nemnte me at det hadde vore stor nedgang i sakene, spesielt med tanke på kva som vart lagt inn i forprosjektet. Me såg i 2024 ei auke i saker, mykje av dette gjeld rehabilitering av avløpsanlegg. I 2025 såg me ein stor auke i saker, spesielt i Gol kommune.

I 2020/21 jobba me litt på vegne av Voss herad. Me fekk på ny førespurnad i 2024 om å hjelpe Voss med saksbehandling av utsleppsløyve. Dette samarbeide har vart gjennom 2025, å vil fortsette inn i 2026. Det har ikkje vore like mange saker i 2025, som tidlegare.

Kommune	Utsleppssøknad kapittel.12	Utsleppssøknad kapittel 13
Flå	15	
Nesbyen	14	
Gol	53	2
Hemsedal	20	
Ål	30	1
Voss	20	



6.1 Søknadsbehandling

Ved kontoret har me etablert gode og robuste rutinar for søknadsbehandling av nye utslepp. Nye medarbeidarar kom raskt inn i arbeidet, og me ser at tidsbruken per sak gjennomgåande er relativt låg. I 2025 har det vore stor pågang av nye søknadar i Gol kommune, medan nivået i dei andre kommunane har vore relativt stabilt. Dette fører hovudsakeleg til at me kan halde gebyret lågt for søknadar som blir behandla.

Me ser no meir på om me kan innføre gode rutinar for tilsyn etter plan- og bygningslova. Dette skjer i dag hovudsakeleg gjennom dokumenttilsyn. Om me skal føre inn dette i praksis vil det mest naturlege tilsynet vera i forkant av at ein gir ferdigattest.

Det vert sendt ut om lag 200 pålegg årleg, noko som naturleg fører til ein auke i talet på nye søknadar. Mange av desse pålegga har og er krav om tilkopling til det kommunale avløpsnett. Me ser i enkelte kommunar at me ikkje kan krevja fleire til kommunalt nett før kommunen eventuelt byggjar ut meir hovudleidningsnett.

Når det gjeld gebyr for saksbehandling, gjekk me i 2025 i pluss, nokon av grunnen er eit stort auke i tal på saker. Men også at me har fått endeleg tal på fond for alle åra KAV har jobba, me har endra litt på gebyrregulativet for 2026, der me la inn eit lågare gebyr for søknadar om utslepp der eigar oppgradera anlegget sitt. Å eit høgare gebyr for nye utsleppsløyve der ein ikkje har hatt utslepp tidlegare.

Oppfølging av ferdigattestar er eit kontinuerleg og viktig arbeid. Det er ikkje alltid at søkjar får melding frå utførande entreprenør om at anlegget er ferdigstilt, noko som kan føre til manglande innsending av ferdigattest. Me har derfor etablert gode rutinar for gjennomgang av eldre saker, særleg i vinterhalvåret. Per i dag har me få saker der det manglar ferdigattest for løyve som ikkje lenger er gyldige.

Eit utsleppsløyve er gyldig i tre år frå det vert gjeve. Dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan denne fristen, skal eigar varslast og må sende ny søknad. Manglande ferdigattest medfører at anlegget ikkje vert lagt inn i tømmesystemet. Dette kan på sikt føre til driftsproblem og skade på anlegget, mellom anna ved at slamflukt oppstår.

7 Tilsyn og kartlegging

Her kjem ein presentasjon av arbeidet som blir gjennomført med tilsyn og kartlegging.

7.1 Tilsyn med spreidd avløp

I 2024 hadde me tilsett sumarhjelp for kartlegging og oppfølging av spreidd avløp. Det fungerte veldig bra. Her sette kvar tilsett av ei veke for sin kommune og tok med seg sumarhjelpa ut på tilsyn. Me fekk gjennomført fleire dagar i felt og kartla hovudsakleg geografiske område i tråd med [handlingsplanen](#).

Me fekk ikkje til og tilsette sommarhjelp i 2025, då me fekk 2 nye tilsette som begynte i mai. Det var derfor ikkje rom for også ha på plass sommarhjelp. Dette er noko me vurderer sterkt for kommande sesong. Då me ser det er eit godt supplement i ei travel tid på vårt kontor.

Me fekk i 2025 gjennomført mykje meir fysiske tilsyn. Hovudsakeleg knytt til områdekartlegging. Dette arbeidet blir meir og meir aktuelt, ettersom ein får færre avløpsanlegg som kun består av synkekummar. Synkekummar er anleggstypen som var vanleg frå 1950-70 talet. Desse anlegga er enkle sjå etter tømning då dei har stein i botn. Slike anlegg får krav om utbetring med bakgrunn i slamtømming noko som i praksis er etablering av eit heilt nytt anlegg. Avløpsanlegg som er meir moderne, vil ha fleire komponentar å krev ofte mindre arbeid/kostnad for å utbetre feil og manglar.

Fordelingskummer og pumpekummer er vanskeleg for slamtømmarar å oppdage feil på. Desse anlegga vil vera fokusområdet på sikt. Men me er godt i gong med opprydding i spreidd avløp.

Det vart også i 2025 gjennomført tilsyn med ein del kommunale avløpsanlegg. Dette har resultert i pålegg om utbetring av kommunale avløpsanlegg, samt søknad om nye utsleppsløype for avløpsanlegga. Me fekk i 2025 inn søknad på nokon av desse anlegga, dette synar at kommunane også tek jobben på alvor og følgjer dei pålegga som er ein følgje av arbeidet KAV gjennomføra.

7.2 Bakgrunn for tilsyn og kartlegging

1. Slamtmømmemerknader

Bildane teke etter endt tømning har stor verdi for oppryddingsarbeidet. Det er dette tiltaket som fører til flest pålegg om utbetring då ein får avdekt mange synkekummar (avløpsanlegg etablert før 1970-80)

2. Resipientvurderingar

Område med moderat eller negativ trend blir prioritert. Me har gjort mykje arbeid med kartlegging for å betre kunnskapsgrunnlaget for kvifor ein resipient er moderat. Me følgjer også opp dette gjennom arbeidet som er knytt oppimot vassforvaltningsplanen. Her er det eit mål at alle avløpsanlegg skal tilfredsstillast krava sett i forskrift innan utgangen av 2033.

3. Opprydding i spreidd avløp

Arbeidet er no godt i gang, og det vil bli gjeve mange pålegg i dei kommande åra. Me ligger på ein stad mellom 100 og 200 aktive pålegg i kvar kommune. Dei fleste har 2-3 år på seg for utbetring, så ein sak kan ligge i fleire år før den blir avslutta.

4. Melding frå publikum om anlegg som er dårlege – Me får innimellom nokon tips om avløpssituasjonar som ikkje er i tråd med regelverket. Dette er oftast utslepp til terreng, eller større reinseanlegg som har utfordringar.



8 Budsjett og rekneskap

Me har fått god oversikt over rekneskap, fond og tidsbruk for våre sjølvkostområdar. Me har nytta Momentum, eit firma som har spesialisert seg på sjølvkost, for hjelp med berekningane fram til no. Me valde å avslutte samarbeidet med dei hausten 2024, dels på grunn av kostnadene knytt til tenesta, og fordi me no har god oversikt sjølv over korleis me ligg an.

Under kjem ein presentasjon av budsjett og rekneskap for 2025 samt budsjett og gebyr for 2026.

Me gjekk med 373 361,- i underskot i 2025, dette var eit bevist val då fondet har vore noko høgt. Då me skal følgje sjølvkostprinsippet må ein ha balanse på inntekt og utgift. Me har stort sett ligge litt under eller i balanse på alle budsjetterte postar. Me brukte ikkje fult ut det me hadde satt av til bruk av bunde fond. Me har i utgangen av 2025 eit positivt fond på 2 272 865,- Me hadde i 2023 2 800 000, og har etter dette fortsett å styre fondet nedover.

I rekneskapen og budsjett har me 3 postar som heite kjøp frå andre kommunar, her blir interne kostnadar kommunane har med kontoret ført. I avsnitt lenger ned kjem meir utfyllande kommentar. Refusjon frå kommunane er posten me fører refusjon for saksbehandlingsgebyr, tilsynsgebyr samt øvrige "inntekter" kontoret har. Avgiftsfritt sal av varer og tenester er posten der inntektane frå Ål kommune blir ført. Dette kjem rett inn til kontoret, då det er Ål kommune som fakturera for eigen kommune. Dei andre må me krevja attende refusjon.

8.1 Gebyrsatsar

	Tekst	2024	2025	2026
a	Timepris kontor	750	800	900
b	Timepris felt	750	800	900
c	Tilsyn av små avløpsanlegg < 50 personekvivalentar (pe), kap. 12 pris årleg gebyr	350	375	400
d	Tilsyn med større private avløpsanlegg 50-2000 pe, kap 13 pris årleg gebyr	Sjå eigen tabell		
e	Tilsyn oljeutskillerer	medgått tid		
f	Saksbehandling VA-plan	inkludert i bygge-utsleppsak		
g	Saksbehandlingsgebyr for behandling av utslippssøknad etter pålegg om utbetring <50 pe			4000
h	Saksbehandlingsgebyr for behandling av nye utslippssøknader <50 pe	4500	4800	6000
i	saksbehandlingsgebyr for behandling av utslippssøknad 50-2000 pe	medgått tid		

Gebyr sats for kap. 13:

Gebyr	tal på PE
3000	50-100
4500	100-250
7500	250-500
10000	500-1000
12000	1000-1500
16000	1500-2000

8.2 Budsjett og rekneskap 2025

Ansvar	Art		Regnskap	Budsjett
8680	10100	Fast løn	2 840 486	2 989 880
8680	10399	Periodisert lønn	3 401	0
8680	10509	Løn, overskot på godtgjersle	2 285	0
8680	10510	Trekkpliktig tenestetelefon	8 784	9 000
8680	10597	Motteke refusjon frå NAV	211 354	0
8680	10598	Motpost sjukelønsrefusjon	-211 354	0
8680	10599	Motpost skattepliktig fordel	-12 712	0
8680	10801	Møtegodtgjersle, folkevalgte	1 967	0
8680	10900	Pensjonsinnskott KLP	475 478	538 168
8680	10902	Forsikringar, kollektive	3 928	6 000
8680	10990	Arbeidsgjevaravgift	330 864	373 472
8680	10999	Periodisert arb.g.avg	63	0
8680	11150	Mat undervisning, barnehge og brukere	3 165	0
8680	11151	Beverting ansatte	5 105	0
8680	11200	Arbeidstøy, renholds- og renovasjonsartiklar, verneutstyr	8 329	10 000
8680	11202	Velferdstiltak tilsette	0	2 000
8680	11209	Anna forbruksmaterieill/råvarer/teneste/anna materieill	415	12 500
8680	11300	Porto, telefoni, datakommunikasjon, bank- og datatenester	13 624	15 000
8680	11400	Informasjon, annonsering, reklame og profilering	1 900	10 000
8680	11500	Opplæring	51 052	65 000
8680	11501	Reise/overnatting opplæring, ikke oppgavepliktig	7 522	0
8680	11600	Skyss- og kostgodtgjersle	6 045	5 000
8680	11700	Transport og reise	1 645	4 000
8680	11709	Andre driftsutgifter transportmidlar/maskiner	37 693	30 000
8680	11850	Forsikring bygningar, eigedomer, anlegg, personell, ansvar	21 576	0
8680	11900	Husleige, leige av lokaler	63 440	95 000
8680	11950	Kontingenter, lisensavgifter, gebyr o.l.	0	30 000
8680	12000	Inventar, kontormaskiner, IT-utstyr, anna utstyr m.m.	26 174	20 000
8680	12100	Kjøp, leige og leasing av transportmidler	48 639	100 000
8680	12200	Kjøp, leige og leasing av maskiner	0	7 000
8680	12600	Renholdstenester	24 521	40 000
8680	12700	Andre tenester erstattet av 12710	13 671	100 000
8680	13500	Kjøp frå andre kommuner	321 550	0
8680	13700	Kjøp frå andre	0	30 000
8680	14290	Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen	69 578	200 000
8680	16200	Avgiftsfritt sal av varer og tenester	-983 232	-750 000
8680	17100	Sjukelønnsrefusjonar	-138 153	0
8680	17101	Fødselspermisjonrefusjon	-23 050	0
8680	17290	Kompensasjon for merverdiavgift	-69 578	-200 000
8680	17500	Refusjon frå kommunar	-2 791 570	-2 600 000
8680	17700	Tilskott frå private	-1 243	0
8680	19500	Bruk av bundne fond	-373 361	-959 000

8.3 Budsjett 2026

Budsjettet for 2026 er utarbeidd. Me får stadig betre grunnlag for og kunne fastsette gebyr for kontoret. Det har vore ein jobb og finne ut kor mykje tid me nyttar på dei ulike sjølvkostområda. Dette begynnar å bli meir tydeleg, og gebyra vil dermed bli meir riktige.

Me hadde i 2025 ein bruk av fondet på 373 361,- me fortsette å redusere fondet i tida framover. Budsjett for 2026 vil derfor kun indeksregulerast, dette for sikre ein stabil reduksjon av fond.

Ansvar	Art		Budsjett 2026
8680	10100	Fast løn	2 990 000
8680	10509	Løn, overskot på godtgjersle	-
8680	10510	Trekkpliktig tenestetelefon	9 000
8680	10597	Motteke refusjon frå NAV	-
8680	10598	Motpost sjukelønsrefusjon	-
8680	10599	Motpost skattepliktig fordel	-
8680	10900	Pensjonsinnskott KLP	539 000
8680	10902	Forsikringar, kollektive	6 000
8680	10990	Arbeidsgjevaravgift	374 000
8680	11150	Matvarer (bevertning)	5 000
8680	11151	Bevertning	-
8680	11200	Arbeidstøy, renholds- og renovasjonsartiklar, verneutstyr	10 000
8680	11202	Velferdstiltak tilsette	3 000
8680	11209	Anna forbruksmateriell/råvarer/teneste/anna materiell	10 000
8680	11300	Porto, telefoni, datakommunikasjon, bank- og datatenester	15 000
8680	11400	Informasjon, annonsering, reklame og profilering	10 000
8680	11500	Opplæring	65 000
8680	11501	Reise/overnatting opplæring, ikke oppgavepliktig	10 000
8680	11600	Skyss- og kostgodtgjersle	5 000
8680	11700	Transport og reise	4 000
8680	11709	Andre driftsutgifter transportmidlar/maskiner	30 000
8680	11900	Husleige, leige av lokaler	100 000
8680	11950	Kontingenter, lisensavgifter, gebyr o.l.	30 000
8680	12000	Inventar, kontormaskiner, IT-utstyr, anna utstyr m.m.	25 000
8680	12100	Kjøp, leige og leasing av transportmidler	100 000
8680	12200	Kjøp, leige og leasing av maskiner	7 000
8680	12600	Renholdstenester	40 000
8680	12700	Andre tenester	100 000
8680	13700	Kjøp frå andre	30 000
8680	14290	Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen	200 000
8680	16200	Avgiftsfritt sal av varer og tenester	- 825 000
8680	17100	Sjukelønnsrefusjonar	-
8680	17290	Kompensasjon for merverdiavgift	- 200 000
8680	17500	Refusjon frå kommunar	- 2 860 000
8680	17700	Tilskott frå private	-
8680	19500	Bruk av bundne fond	- 832 000

8.4 Fondsoversikt

For å ha oversikt over inntening av gebyr/sjølvkost fører me timar i kvar enkelt kommune jf. sjølvkost.

Me har som nemnt ovom fram til no nytta Momentum som støtte for sikre at me jobbar i tråd med sjølvkostreglane. Me ser no at dette er ein jobb me kan klare sjølv framover og med bakgrunn i dette avslutta samarbeide med Momentum.

8.4.1 Saksbehandling

Med bakgrunn i at tilsette har fått meir erfaring, har timebruken på behandling av utsleppsløyve gått ned, og me kan dermed redusere gebyret. Me ser og at den nye måten å føre sjølvkost for saksbehandling på viser at me over tid har ligge noko høgt i pris på saksbehandlingstid. Dette kan likeins endrast når me byrjar å føre tilsyn etter plan- og bygningslova i større omfang.

Talet på søknadar vil auke i takt med at me gjev pålegg om utbetring av anlegg. Det er dermed positivt for innbyggjarane at me klarar å halde gebyret så lågt som mogeleg.

Me ser at fondet for saksbehandling var nokså uendra. På bakgrunn av dette har me for 2026 indeksregulert gebyret, då me har som mål å føre meir tilsyn etter PBL. Ved å indeksregulere gebyret klarar me å oppnå ein jamn reduksjon av fondet over tid, utan store svingingar.

Fondet for saksbehandling var i 2024 på 790 325 kr, medan det i 2025 er på 785 828 kr.

Fondet for saksbehandling var i 2025 på 785 828 kr, medan det i 2026 er på kr 942 443.

	Saksbehandling	Saksbehandling av søknader av kap. 12, 13 og 15-anlegg					
		Alt2	Gol3	Hemsed.4	Nesb.5	Flå6	Voss
timebruk	1381:26:00	249:36:00	501:45:00	287:15:00	204:35:00	138:15:00	
kostnad	kr 739 028	kr 133 529	kr 268 422	kr 153 671	kr 109 446	kr 73 960	
Tidsbruk pr. kommune i %	30,68	5,73	9,61	6,31	5,03	4,01	
Antall anlegg/Saker	kr 133	kr 31	kr 53	kr 20	kr 14	kr 15	85
prosentfordeling	100,00	23,31	39,85	15,04	10,53	11,28	
Fond frå i fjor	kr 785 829	kr 408 170	kr 259 185	kr 220 295	-kr 94 575	-kr 7 247	
fakturert	kr 1 038 810	kr 249 408	kr 373 438	kr 122 888	kr 94 688	kr 103 988	kr 94 400
fond i kvar kommune	kr 942 443	kr 509 559	kr 326 029	kr 186 863	-kr 105 523	kr 25 515	kr 18 880,00
Fellespott	kr 143 167	kr 33 370	kr 57 052	kr 21 529	kr 15 070	kr 16 147	
Total kostnad	kr 882 195	kr 166 899	kr 325 474	kr 175 200	kr 124 517	kr 90 107	

Figur 1 Fond saksbehandling 2025/2026

8.4.2 Tilsyn

Me har som mål å halde gebyra like i alle kommunane. Me ser at fondet i enkelte kommunar er noko høgt, og når me får på plass nye tilsette, skal me prioritere meir arbeid i desse kommunane. Me styrer timebruken vår ut frå storleiken på fondet.

Når det gjelder tilsynsgebyret blir dette indeksregulert, me har dei siste åra hatt eit negativt fond på ca. 350 000,- som er bra med tanke på å redusere eit stort Fond. Ved og indeksregulere fondet ser me at ein får styrt fondet nedover på ein forsvarleg måte.

Vedlagt ligg sjølvkostfondet per 01.01.2026. Sjølv om me har eit negativt total resultat vil det i vårt fond i år fremstår som eit positivt fond. Me kjøpte ut to bilar i 2024 frå leasing selskapet, der den eine bilen vart solgt vidare i 2025 til utviklingsavdelinga i Ål kommune. Dette førte til ein "ekstra" inntekt. Fondet er no retta utifrå dette.

	Tilsyn, veiledning, oppfølging etter kap. 12, 13 og 15						
	Ål	Gol	Hemsed.	Nesb.	Flå	kap. 13	Felles
timebruk	997:21:00	517:55:00	795:30:00	346:40:01	120:10:00	1043:45:00	209:00:00
kostnad	kr 533 554	kr 277 071	kr 425 570	kr 185 457	kr 64 286	kr 558 377	kr 111 809,14
Tidsbruk pr. kommune i %	17,38	10,01	14,28	7,37	3,88	18,10	3,22
Antall anlegg/Saker	1648	1406	1305	991	414	110	
prosentfordeling	28,06	23,93	22,22	16,87	7,05	1,87	100,00
Fond frå i fjor	kr 705 541	-kr 121 062	kr 535 611	kr 230 066	-kr 20 571	-kr 30 893	
fakturert	kr 618 111	kr 438 341	kr 489 375	kr 371 625	kr 155 250	kr 461 968	
fond i kvar kommune	kr 656 688	-kr 67 992	kr 498 988	kr 339 971	kr 38 533	-kr 135 767	
Fellespott	kr 126 846	kr 108 200	kr 100 427	kr 76 263	kr 31 860	kr 8 465	452060,29
Total kostnad	kr 660 400	kr 385 271	kr 525 997	kr 261 720	kr 96 145	kr 566 842	

Figur 2 Fond tilsyn 2025/2026

8.5 Interne kostnader

Kommunane har sidan starten hatt ein del kostnader knytt til lisensar, sekretariat, arkivering osv. Då kontoret ble oppretta var det tenkt at ein kunne sjå dei kostnadane kontoret hadde som ikkje kunne gebyrfinansierast opp mot dei interne kostnadane kommunane hadde. Då me i seinare tid ser dette blir feil har me no retta opp i dette. Dette kjem under post i rekneskapen som kjøp frå andre kommunar.

KAV sender dermed faktura til kommunane for arbeid knytt opp mot forvaltningslova. Kommunane sender så ein faktura for dei interne kostnadane dei har hatt. Dette kjem fram som ein ny post i rekneskapen. Kjøp frå andre kommunar. Då dette er noko som har blitt avklart seint 2025, er det ikkje lagt inn som eigen budsjett post men blir tatt direkte frå fondet som KAV har. Dette vil bli ein del av budsjett og rekneskap 2027.

9 Informasjon

Eit mål for KAV er å sikre god informasjonsflyt til publikum. Me jobbar kontinuerleg for å halde heimesida oppdatert. Det skal og no vere lenkje til alle kommunane sine nettsider og til KAV si heimeside.

Likeins er det eit ønskje på sikt å bli endå meir synleg, slik at innbyggjarane får betre forståing for arbeidet som blir gjennomført. Dette arbeidet er finansiert gjennom årleg gebyr for dei som har private avløpsanlegg.

9.1 Varsel og rapportering

I 2025 vart det gjennomført ein del uvarsla tilsyn og kartlegging. Dette var fordi me førte tilsyn med geografiske område og med anlegg som ikkje nødvendigvis var øydelagde eller hadde merknadar. Når det er mange anlegg i eit område, vil det vera tidkrevjande å varsle alle. Områdetilsyna er ofte knytte til fritidsbustadar, og det er liten aktivitet i mange av desse områda om sumaren.

Dette arbeidet har og fungert bra i 2025, og me kjem til å fortsetje praksisen med uvarsla tilsyn der me gjennomfører geografiske tilsyn. Likeins skal me sikre at kommunen nyttar sine informasjonsplattformer til å sende ut informasjon i forkant av tilsyn.

Varsla tilsyn blir nytta der me ønskjer at eigaren skal vera til stades, eller når det er eit konkret anlegg me skal føre tilsyn med. Kap. 13-anlegg blir alltid varsla før tilsyn, då slike anlegg ofte er innandørs og låste.

For område der me ser at ei felles løysing er tenleg, vil me sende ut felles rapport til alle eigarane. Dette for å sikre lik informasjon, samt at det kan vera enklare å opprette dialog når ein ser at naboen òg har fått same pålegg.



10 Sammenheng

KAV Hallingdal har i 2025 vidareført arbeidet med utøving av forureiningsmynde på vegner av samarbeidskommunane. Arbeidet har i hovudsak vore retta mot spreidd avløp, oppfølging av eksisterande anlegg, handsaming av nye søknader og gjennomføring av tilsyn. Det har vore stor aktivitet i enkelte kommunar, særleg knytt til nye søknader og pålegg, medan aktiviteten i andre kommunar har vore meir stabil.

Kontoret har over tid bygd opp gode rutinar for søknadsbehandling og tilsyn, noko som har bidrege til effektiv sakshandsaming og relativt låg tidsbruk per sak. Nye tilsette har raskt kome inn i arbeidet, og dette har styrkt kapasiteten ved kontoret. Samstundes har det vore utfordringar knytt til bemanning og prioritering av oppgåver, noko som har ført til varierende framdrift i delar av tilsynsarbeidet.

Tilsyn og oppfølging av pålegg er framleis eit viktig verkemiddel for å sikre etterleving av regelverket og redusere forureining til sårbare vassførekomstar. Arbeidet skjer i samsvar med gjeldande planar og prioriteringar, og med særleg merksemd på område der miljøtilstanden er under press. Samarbeidet mellom kommunane gir faglege og administrative fordelar, og bidreg til ei meir einsarta og føreseieleg forvaltning i regionen.

11 Sluttcommentar

2025 har vore eit år med høg aktivitet og tydelege krav til prioritering av ressursar. KAV Hallingdal har levert stabile tenester innan utøving av forureiningsmynde, samstundes som kontoret har handtert både auka saksmengd og interne tilpassingar. Trass i avgrensa kapasitet i periodar, er det lagt eit godt grunnlag for vidare arbeid gjennom etablerte rutinar, styrkt kompetanse og tett samarbeid mellom kommunane.

Framover vil det vera viktig å halde fram med målretta tilsyn og systematisk oppfølging av pålegg, særleg i område med miljøutfordringar og sårbare resipientar. Vidare vil realistiske prioriteringar og god forankring hos samarbeidskommunane vera avgjerande for å sikre framdrift og kvalitet i arbeidet. KAV Hallingdal står godt rusta til å vidareføre dette arbeidet, men utviklinga føreset at oppgåver og ressursar er i rimeleg balanse.

Glen Arvid Valstad

Avdelingsleiar for KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning Hallingdal

